

# Kristina Aase Fransson

**FØRDE: Kristina Aase Fransson skal i 2020 delta i Drømmestipendets fagjury for musikk.**

Kristina Aase Fransson (20) kjem fra Førde. Ho starta å spele piano då ho var fem år og drog det vidare til gitar og trompet, og så til bass, sang og liveelektronikk. Etter kvart

har ho fordjupa seg i klassisk trompet. Gjennom instrumenta har ho fått mykje erfaring innan ulike sjangrer og i besetningar som orkester, band, korps, storband og ensemble samd som solist.

I dag går ho første året på Norges musikkhøgskole i Oslo, på Det frie kandidatstudiet. Her har ho fått muligheten til å skape sitt eige musikkstudie og vidareutvikle seg som multi-instrumentalist med liveelektronikk. Mykje av tida går no med til å utforske og eksperimentere rundt det ho likar aller best.

Kristina Aase Fransson mottok Drømmestipendet i 2016, og ho kjenner at det betyr minst like mykje for ho i dag.

– Ein tør å drøyme større når ein veit at andre har trua på deg, seier Kristina Aase Fransson, som gledar seg til å få vere ein del av Drømmestipendjuryen 2020.

